

EVF i blod

Erytrocytt volum fraksjon, hematokrit

Bakgrunn

b-EVF er den fraksjonen som erytrocyttvolumet utgjør av blodvolumet. Målinga kan gjerast ved ein spesiell sentrifugeteknikk, som er referansemetoden. I rutinen blir b-EVF ikkje målt, men utrekna som produktet av b-EPK og ery-MCV (middel erytrocytt volum) målt i automatisk celleteljar. $EVF = MCV * \text{erytrocyttar} / 1000$.

Indikasjonar

Kontroll av pasientar med polycytemia vera.

Prøvemateriale



Rør tilsett EDTA. Fyll røret til merka volum, bland godt rett etter prøvetaking.

Prøven bør analyserast innan 12 timar.

Det er ikkje anbefalt å analysere EVF på tilsende prøver.

Referanseområde

Alder	
1-14 dagar	0,36 - 0,59
15 - 29 dagar	0,27 - 0,50
30 - 59 dagar	0,25 - 0,42
60 - 180 dagar	0,28 - 0,40
6 mnd. - 3 år	0,31 - 0,39
3 - 7 år	0,34 - 0,40
7 - 13 år	0,35 - 0,45
Kvinner >13 år	0,35 - 0,46
Menn >13 år	0,40 - 0,50

Tolkingar

Ved utgreiing av anemi må b-EVF sjåast i samanheng med b-hemoglobin og b-EPK, sjå ery-MCH, ery-MCHC og ery-MCV.

Ved kontroll av pasientar med polycytemia vera bør b-EVF ikkje overstige 0,45.

Gravide har 5 – 10 % lågare verdjar.

Feilkjelder: Når b-EVF blir utrekna som $b-EPK * \text{ery-MCV}$, kan agglutinasjon, for eksempel pga. kuldeagglutininar, gi falskt låg verdi (b-EPK blir då falskt for låg).

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 2,8 %